

Kven kan få lån og stipend for sommaren?

Søknaden gjeld for søkarar som på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje er i stand til å ha lønna arbeid i sommarferien (16.06.2022–15.08.2022), men likevel er i stand til å studere og førebu seg til neste semester. Med lønna arbeid meinast alt arbeid der lønna er skattepliktig. Dette gjeld også for søkarar som tener under grensa for frikort. **Unntak:** Søkarar som har verv ved sidan av utdanninga har rett til lån og stipend for sommaren uavhengig av om dei mottar skattepliktig honorar eller lønn frå vervet. Ordninga gjeld også for søkarar som på grunn av fysisk funksjonsnedsetjing må ha nødvendige tilpassingar på ein arbeidsplass, og som derfor har vanskar med å få seg sommarjobb. Det er tilstrekkeleg at eitt av disse forholda gjeld søkaren.

Det er lege, spesialist eller annan fagperson med særleg kjennskap til den nedsette funksjonsevna som må stadfeste søknadsopplysningane. Det må bli gjort ei vurdering av funksjonsevna til søkaren og korleis den vil innverke på moglegheita til å jobbe sommaren 2022. Eit vilkår for å få stipend og lån om sommaren er at søkaren har vore i utdanning i vårsemesteret 2022 og skal fortsette i utdanning hausten 2022.


Framgangsmåte og søknadsfrist

Du må fylle ut skjemaet i samarbeid med lege/fagperson og sende det i posten til Lånekassen, postboks 450 Alnabru, 0614 Oslo. Skjemaet må ha komme inn til Lånekassen innan 15. august 2022. Hugs at både du og legen må skrive under på skjemaet. Legen skriv under i punkt 4, og du skriv under i punkt 5, nedst på side 2.

Tilleggsstipend i studieåret og stipend til forseinking

Du kan også søke om tilleggsstipend i studieåret, eller om stipend til forseinking utover eitt studieår/ 60 studiepoeng. [Les om tilleggsstipend og stipend ved forseinking, og om korleis du søker, på www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne.](#)

1 Personlege opplysningar	
Kundenummer i Lånekassen	Fødselsnummer (11 siffer)
Etternamn	Fornamn og mellomnamn
2 Planlagd utdanning hausten 2022	
Skal du vere i utdanning hausten 2022?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
3 Kva søker du om? Kryss av for eitt av alternativa nedanfor	
Stipend	<input type="checkbox"/>
Stipend og maksimalt lån	<input type="checkbox"/>
Stipend og i tillegg eit avgrensa lån (oppgi lånebeløp)	<input type="checkbox"/> kroner
4 Stadfesting frå lege (fyllast ut av lege, spesialist eller fagperson)	
Pass på at personlege opplysningar i punkt 1 er utfylt før du kryssar av i punkt 4. Lånekassen kan også godta stadfesting frå spesialist/fagperson med særskilt kjennskap til den nedsette funksjonsevna. Merk: Personar som kan reknast som inhabile på same måte som persongrupper omtalte i forvaltningslova § 6, kan ikkje stadfeste søknadsopplysningane.	
Merk: Søkaren kan ikkje ha arbeid i det heile tatt så lenge han/ho får lån og stipend om sommaren. Dette gjeld for alle vekedagar i perioden frå og med 16.06.2022 til og med 15.08.2022.	
Er søkaren i stand til å studere om sommaren? Ved å svare Ja stadfester du at søkaren er i stand til å studere og vere studieaktiv i perioden 16.06.2022–15.08.2022. Støtte om sommaren kan ikkje bli gitt til søkarar som er studieuføre.	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

Skjemaet fortset på neste side 

<p>Årsak til at søkaren ikkje kan ha arbeid om sommaren For at søkaren skal ha rett til støtte om sommaren er det tilstrekkelig at du svarer Ja på ei av årsakene under:</p> <p>Fører den nedsette funksjonsevna til at søkaren ikkje kan ha lønna arbeid om sommaren utan at det går ut over normal studieprogresjon? Ved å svare Ja stadfester du at det er nødvendig for søkaren å bruke tida om sommaren til å studere for å oppretthalde normal progresjon, og at han/ho derfor ikkje har kapasitet til å ha nokon form for arbeid i perioden 16.06.2022–15.08.2022.</p> <p>Og/eller fører den nedsette funksjonsevna til at søkaren har vanskar med å få lønna arbeid om sommaren fordi ein eventuell arbeidsgivar må gjere tilpassingar på arbeidsplassen? Ved å svare Ja stadfester du at søkaren har ei funksjonshemming som gjer det vanskeleg å få sommarjobb fordi det vil krevje at arbeidsgivar gjer nødvendige tilpassingar på arbeidsplassen.</p>		<p><input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</p> <p><input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</p>
Dato	Namnet til lege/fagperson med blokkbokstavar (Dersom annan profesjon enn lege, oppgi profesjonstittel)	Stempel og underskrifta til lege/fagperson
<p>5 Underskrifta til søkaren</p> <p>Dette skriv eg som søkar under på:</p> <ul style="list-style-type: none"> Eg forsikrar at eg på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje er i stand til å ha nokon form for skattepliktig lønna arbeid om sommaren (16.06.2022–15.08.2022), fordi eg må bruke denne tida til å studere for å kunne følge planlagd studieprogresjon, eller eg har ein funksjonshemming som hindrar meg i å få sommarjobb. Unntak frå vilkåret gjeld dersom eg har eit verv, og ikkje eit ordinært arbeid. Eg forsikrar at eg er i stand til å studere om sommaren. Eg forsikrar at eg har vore studieaktiv i vårsemesteret 2022, og at eg planlegg å studere også hausten 2022. Eg er kjend med vilkåra for støtte om sommaren til søkarar med nedsett funksjonsevne, som eg finn i §§ 73 og 74 i forskrifta om utdanningsstøtte på www.lanekassen.no/forskrifter-nn. Eg forsikrar at opplysningane eg har gitt i denne søknaden, er riktige og så fullstendige som mogleg. Dersom det oppstår endringar etter at søknaden er sendt inn, for eksempel forbetring av arbeidsevna mi slik at eg kan ta lønna arbeid, forpliktar eg meg til å gi Lånekassen melding om det. Sjå kapittel 13 i forskrifta om utdanningsstøtte. Eg er kjend med at Lånekassen kan kontrollere dei opplysningane eg har gitt, med andre offentlege institusjonar, kontor og register, jf. § 23 i utdanningsstøtteleova på www.lovdato.no, forskrifta om utdanningsstøtte og forskrifta om Lånekassen sin heimel til innhenting av opplysningar på www.lovdato.no. Eg er kjend med at tilleggsstipend for søkarar med nedsett funksjonsevne blir behovsprøvd mot inntekta, trygda og formuen min og mot formuen til ein eventuell ektefelle / sambuar eg har barn saman med. Tilleggsstipend kan bli gjort om til lån dersom inntekta og/eller formuen har vore høgare enn dei fastsette grensene, jf. kapittel 12 i forskrifta om utdanningsstøtte. Person- og kapitalinntekta og formuen på skattefastsettinga for dei kalenderåra eg har fått støtte, blir lagde til grunn. Eg er klar over at urette eller ufullstendige opplysningar kan føre til at stipendet blir gjort om til lån, at eg må betale tilbake støtte eg ikkje hadde rett til, og at lånet kan bli rentebelasta og eventuelt sagt opp. Eg er klar over at eg også kan miste retten til utdanningsstøtte, betalingslette og sletting av gjeld i framtida, og at grove tilfelle kan bli melde til politiet, jf. kapittel 13 i forskrifta om utdanningsstøtte. 		
Dato	Underskrifta til søkaren	

Skjemaet sender du til **Lånekassen, postboks 450 Alnabru, 0614 Oslo**.
[Les meir om tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne på www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne](#).

Behandling av personopplysningar: Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. [Les personvernerklæringa vår på www.lanekassen.no/personvern-nn](#).